



MØTEPROTOKOLL

EKSTRAORDINÆRT MØTE I

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 11.02.2016
Møtestad: Kommunestyresalen, Dale
Møtetid: 16:00 – 19:03

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|-------------------------|-------|--------------|
| Eirik Haga | AP | Ordførar |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |
| Anne Christin Eide | AP | Medlem |
| Anders Jin Risnes | AP | Medlem |
| Magne Hestad | AP | Medlem |
| Brita Hesjedal Lunde | AP | Medlem |
| Jan Hansen | AP | Medlem |
| Bjørn Øivind Krogsrud | AP | Medlem |
| Sigmund Simmenes | SP | Varaordførar |
| Hege Eide Vik | SP | Medlem |
| Jarle Audestad | SP | Medlem |
| Line Eide Vik | SP | Medlem |
| Evelyn Boge | SV | Medlem |
| Line Kydland | SV | Medlem |
| Arne Normann | KRF | Medlem |
| Jan Erik Bernes Roe | KRF | Medlem |
| Anneli Vatle Lilletvedt | H | Medlem |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Tom Charles Johnsen | MDG | Medlem |

| Varamedlemmer | Parti | Rolle |
|--------------------|-------|------------|
| Odd Jøran Oldervik | SV | Varamedlem |
| Silje Stien | H | Varamedlem |

| Forfall | Parti | Møtande varamedlem |
|------------------|-------|--------------------|
| Bjørn Roald | H | Silje Stien |
| Kjartan Haugsnes | SV | Odd Jøran Oldervik |



Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech

Ass. rådmann Åse Elin Myking

Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad

Einingsleiar samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

Einingsleiar folkehelse og familie Silje-Iren Netteland Olsen

Byggesakshandsamar Kåre Ulveseth

Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|----------------|---|
| 04/2016 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 05/2016 | LØYVE TIL DISPENSASJON OG BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV ORDINÆRT ASYLMOTTAK I DELAR AV DALE FABRIKKER AS SINE LOKALER |



04/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 11.02.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 04/2016 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

05/2016: LØYVE TIL DISPENSASJON OG BRUKSENDRING FOR ETABLERING AV ORDINÆRT ASYLMOTTAK I DELAR AV DALE FABRIKKER AS SINE LOKALER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtak 1

DISPENSASJON:

I medhald av § 19-2, jf. § 19-3, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret å gje mellombels dispensasjon i inntil 7 år, frå arealføremålet næringsverksemd / industri, i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av ordinært asylmottak, i deler av bygningsmassen oppført på eigedom gnr. 22, bnr. 253, slik omsøkt.

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, sett følgjande vilkår:

1. Dersom administrasjonen innanfor høyringsfristen mottek negativ uttale frå statleg eller regionale mynde må saka takast opp til ny handsaming.
2. Operatøren av asylmottaket skal halda folkemøte ved oppstart av asylmottaket.
3. Det skal ikkje etablerast næringsverksemd eller anna verksemd i tilgrensande lokale / bygg, som vil medføre negative verknader for drifta av asylmottaket. Dette gjeld også for etablering i eller i nærområde til asylmottaket. Dette med omsyn mest til støy, men og andre tilhøve kring helse, miljø og tryggleik.
4. Dersom det skal nyttast utvendig areal til opphald for brukarane inne på eigedom gnr. 22, bnr. 253, skal det føretakast grunnundersøking for å kartleggje om det er førekomst av forureining.
5. Det vert sett krav om inntil 30 parkeringsplassar øyremerka asylmottaket.

Vedtak 2

RAMMELØYVE BRUKSENDRING OG TILTAK:

I medhald av § 20-1, bokstav d, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret at det vert gjeve mellombels rammeløyve for inntil 7 år til bruksendring og tiltak for omsøkte bygningsmasse på



eigedom gnr. 22, bnr. 253, frå næringsverksemd / industri, til privat tenestyting, etablering av asylmottak.

Det vert sett følgjande vilkår:

1. All prosjektering og utføring skal vere i medhald av plan- og bygningslova med underliggjande regelverk, (TEK10).
2. I samband med det som er nemnd i pkt. 1, ovanfor, vert det presisert at det også må føretakast ei kartlegging av farleg avfall, og ein miljøsaneringsskildring, jf. TEK 10 § 9-7, pkt. 1, 2, og 3.
3. Dersom det i prosjektering og utføring vert nytta løysingar som ikkje er preaksepterte, skal slike eventuelle løysingar dokumenterast, ved søknad om i gangsetjing.
4. Det vil bli sett fram krav om uavhengig kontroll av brannteknisk prosjektering utover den obligatoriske kontroll, jf. byggjesaksforskriften SAK 10, § 14-2. Dette gjeld før det vert gjeve i gangsetjingsløyve.
5. Det vert sett fram krav om uavhengig kontroll utover den obligatoriske kontroll, av funksjon / ansvarsområde, kontroll utføring – branntryggleik, jf. SAK § 14-3. Kontroll med utføringa skal vere gjennomført før det vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest for heile eller for deler av tiltaket.
6. Dokumentasjon på godkjenning av privat vassforsyning frå Mattilsynet, jamfør drikkevassforskrifta § 8 - 9.
7. Samtykke frå arbeidstilsynet skal liggje føre ved søknad om i gangsetjing, (IG).
8. Det vert også vist til helsetilhøva i asylmottak som er regulert av folkehelseloven og forskrift av 25. april 2003, nr. 486.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-4, ansvarleg søkjar, § 23-5 ansvarleg prosjekterande, vert det gjeve ansvarsrett til følgjande føretak:

| FØRETAK | L/S | FAGOMRÅDE |
|-------------------------------|-----|--|
| A/STAB AS, orgnr. 984548648 | S | Ansvarleg søkjar for heile tiltaket. Ansvarleg prosjekterande for utarbeiding av brannkonsept. Tiltaksklasse 3. |
| FORTUNEN AS, orgnr. 966103663 | S | Ansvarleg prosjekterande for bygningsmessige arbeid, arkitektur. Tiltaksklasse 2. |

For båe vedtaka gjeld følgjande:

Enkelt vedtak kan etter forvaltningslova klagast på innan tre veker frå mottak, jf. Forvaltningslova § 29. Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. Forvaltningslova § 27b.

Dersom dei vidare arbeida ikkje er sett i gang innan tre år etter at dette løyve er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyve bort, jf. Plan- og bygningslova § 21-9.

Dette løyve er gjeve i medhald av plan- og bygningslovgevinga og gjev ikkje utan vidare rett til å byggje i høve til annan lovgjeving eller privatrettslege tilhøve, jf. Plan- og bygningslova § 21-6.

Dersom Vaksdal kommune mottok klage på eit vedtak er ikkje saken endeleg avgjort før klagen er behandla av Fylkesmannen. Klagebehandlinga kan medføre at vedtaket blir endra. I gangsetjing av dei aktuelle fagområda / funksjonane før klage er avgjort skjer på eigen risiko.



Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, og Vaksdal kommune sitt gebyrregulativ vedteke i kommunestyre, vert det følgjande gebyr i saka:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.02.2016

Behandling:

2 skriv vart lagt fram i møtet:

- Uttale frå fylkesmannen i Hordaland datert 27.01.2016
- Uttale frå NVE datert 29.01.2016

Einingsleiar Willy Andre Gjesdal orienterte.

Ifølgje delegasjonsreglementet kan den som har fått delegert mynde overlata til overordna organ å ta avgjerd i spesielle saker. Med bakgrunn i dette sette ordførar fram slikt forslag:
Formannskapet sender saka over til kommunestyret for avgjerd, utan tilråding frå formannskapet.

Framlegget frå ordførar vart sett opp mot framlegget frå rådmannen. Framlegget frå ordførar vart vedteke mot 1 røyst (SV).

FPØ - sak 13/2016 Vedtak:

Saka vert oversendt kommunestyret for avgjerd, utan tilråding frå formannskapet.

Kommunestyret 11.02.2016

Behandling:

Før behandling av saka, vart det gjeve orienteringar frå:

- Vaksdal kommune v/einingsleiar Samfunnsutvikling
- UDI
- HERO AS

Slikt korrigert framlegg frå rådmannen vart lagt fram til gruppemøta:

Vedtak 1

DISPENSASJON:

I medhald av § 19-2, jf. § 19-3, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret å gje mellombels dispensasjon i inntil 7 år, frå arealføremålet næringsverksemd / industri, i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av ordinært asylmottak, i deler av bygningsmassen oppført på eigedom gnr. 22, bnr. 253, slik omsøkt.

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, sett følgjande vilkår:

1. Operatøren av asylmottaket skal halda folkemøte ved oppstart av asylmottaket.
2. Det skal ikkje etablerast næringsverksemd eller anna verksemd på eigedom gnr. 22, bnr. 253 som vil medføre negative verknader for drifta av asylmottaket. Dette med omsyn til støy, og



andre tilhøve kring helse, miljø, og tryggleik, som vil påverka asylmottaket sine brukarar.

3. Då det ligg føre mistanke om nedgravd miljøfarlig avfall på eigedom gnr. 22 bnr. 253 som kan være ein risiko for helseeffekter skal tiltakshvar innan oppstart utføre grunnundersøkingar i tråd med retningslinjer i rettleiar TA 2553/2009 for å kartleggje forureiningssituasjonen på eigedomen. Området skal stette krava til arealbruk bustadområde.
4. Det vert sett krav om inntil 30 parkeringsplassar øymerka asylmottaket.

Vedtak 2

RAMMELØYVE BRUKSENDRING OG TILTAK:

I medhald av § 20-1, bokstav d, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret at det vert gjeve mellombels rammeløyve for inntil 7 år til bruksendring og tiltak for omsøkte bygningsmasse på eigedom gnr. 22, bnr. 253, frå næringsverksemd / industri, til privat tenestyting, etablering av asylmottak.

Det vert sett følgjande vilkår:

1. All prosjektering og utføring skal vere i medhald av plan- og bygningslova med underliggjande regelverk, (TEK10).
2. I samband med det som er nemnd i pkt. 1, ovanfor, vert det presisert at det også må føretakast ei kartlegging av farleg avfall, og ein miljøsaneringsskildring, jf. TEK 10 § 9-7, pkt. 1, 2, og 3.
3. Dersom det i prosjektering og utføring vert nytta løysingar som ikkje er preaksepterte, skal slike eventuelle løysingar dokumenterast, ved søknad om i gangsetjing.
4. Det vil bli sett fram krav om uavhengig kontroll av brannteknisk prosjektering utover den obligatoriske kontroll, jf. byggjesaksforskriften SAK 10, § 14-2. Dette gjeld før det vert gjeve i gangsetjingsløyve.
5. Det vert sett fram krav om uavhengig kontroll utover den obligatoriske kontroll, av funksjon / ansvarsområde, kontroll utføring – branntryggleik, jf. SAK § 14-3. Kontroll med utføringa skal vere gjennomført før det vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest for heile eller for deler av tiltaket.
6. Dokumentasjon på godkjenning av privat vassforsyning frå Mattilsynet, jamfør drikkevassforskrifta § 8 - 9.
7. Samtykke frå arbeidstilsynet skal liggje føre ved søknad om i gangsetjing, (IG).
8. Det vert også vist til helsetilhøva i asylmottak som er regulert av folkehelseloven og forskrift av 25. april 2003, nr. 486.
9. Det planlagde asylmottaket ligg innanfor aksemdområde for snøskred, jf. NVEAtlas. Tiltakshavar må syta for ei vurdering av om skredfaren er reel. Eit byggverk for varig opphald for 211 personar krev at sannsynet for skred ikkje må overstige 1:5000, jf. tryggleiksklasse S3, i byggeteknisk forskrift, (TEK10), § 7-3.

Alternativt framlegg frå ordføraren på vegner av AP, SP og SV:

Vedtak 1

DISPENSASJON:

I medhald av § 19-2, jf. § 19-3, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret å gje mellombels dispensasjon i inntil 3 år, frå arealføremålet næringsverksemd / industri, i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av ordinært asylmottak **for inntil 100 personar**, i deler av bygningsmassen



oppført på eigedom gnr. 22, bnr. 253. **For eventuell drift utover 3 år vert det krevd reguleringsplan. Reguleringsplan kan opna for eit høgare tal asylsøkjjarar.**

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, sett følgjande vilkår:

1. Operatøren av asylmottaket skal halda folkemøte ved oppstart av asylmottaket.
2. Det skal ikkje etablerast næringsverksemd eller anna verksemd på eigedom gnr. 22, bnr. 253 som vil medføre negative verknader for drifta av asylmottaket. Dette med omsyn til støy, og andre tilhøve kring helse, miljø, og tryggleik, som vil påverka asylmottaket sine brukarar.
3. Då det ligg føre mistanke om nedgravd miljøfarlig avfall på eigedom gnr. 22 bnr. 253 som kan være ein risiko for helseeffekter skal tiltakshavar innan oppstart utføre grunnundersøkingar i tråd med retningsliner i rettleiar TA 2553/2009 for å kartleggje forureiningssituasjonen på eigedomen. Området skal stette krava til arealbruk bustadområde.
4. Det vert sett krav om inntil 30 parkeringsplassar øyremerka asylmottaket.

Vedtak 2

RAMMELØYVE BRUKSENDRING OG TILTAK:

*I medhald av § 20-1, bokstav d, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret at det vert gjeve mellombels rammeløyve for inntil **3 år for inntil 100 personar** til bruksendring og tiltak for omsøkte bygningsmasse på eigedom gnr. 22, bnr. 253, frå næringsverksemd / industri, til privat tenestyting, etablering av asylmottak. **For eventuell drift utover 3 år vert det krevd reguleringsplan.***

Reguleringsplanen kan opna opp for eit høgare tal asylsøkjjarar.

Det vert sett følgjande vilkår:

1. All prosjektering og utføring skal vere i medhald av plan- og bygningslova med underliggjande regelverk, (TEK10).
2. I samband med det som er nemnd i pkt. 1, ovanfor, vert det presisert at det også må føretakast ei kartlegging av farleg avfall, og ein miljøsaneringsskildring, jf. TEK 10 § 9-7, pkt. 1, 2, og 3.
3. Dersom det i prosjektering og utføring vert nytta løysingar som ikkje er preaksepterte, skal slike eventuelle løysingar dokumenterast, ved søknad om i gangsetjing.
4. Det vil bli sett fram krav om uavhengig kontroll av brannteknisk prosjektering utover den obligatoriske kontroll, jf. byggjesaksforskriften SAK 10, § 14-2. Dette gjeld før det vert gjeve i gangsetjingsløyve.
5. Det vert sett fram krav om uavhengig kontroll utover den obligatoriske kontroll, av funksjon / ansvarsområde, kontroll utføring – branntryggleik, jf. SAK § 14-3. Kontroll med utføringa skal vere gjennomført før det vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest for heile eller for deler av tiltaket.
6. Dokumentasjon på godkjenning av privat vassforsyning frå Mattilsynet, jamfør drikkevassforskrifta § 8 - 9.
7. Samtykke frå arbeidstilsynet skal liggje føre ved søknad om i gangsetjing, (IG).
8. Det vert også vist til helsetilhøva i asylmottak som er regulert av folkehelseloven og forskrift av 25. april 2003, nr. 486.
9. Det planlagde asylmottaket ligg innanfor aksemdområde for snøskred, jf. NVEAtlas. Tiltakshavar må syta for ei vurdering av om skredfaren er reel. Eit byggverk for varig opphald for 211 personar krev at sannsynet for skred ikkje må overstige 1:5000, jf. tryggleiksklasse S3, i byggeteknisk forskrift, (TEK10), § 7-3.

GRUNNGJEVING FOR ENDRINGANE:

Flyktningesituasjonen i verda har medført at det eit stort behov for fleire plassar i asylmottak. Vaksdal kommunestyre er innstilt på å ta sin del av ansvaret.



I ein normal situasjon ville tiltaket som er omsøkt i Dale Fabrikker utløysa krav om reguleringsplan. Ein slik planprosess vil kunne ta om lag eit år. For at tiltakshavar skal koma i gang med etableringa snarast råd, og kunna avhjelpa situasjonen for asylsøkjjarar i Noreg, er kommunestyret innstilt på å gje dispensasjon frå føremålet i arealplanen og mellombels bruksendring i 3 år for inntil 100 asylsøkjjarar. Skal det drivast asylmottak i Dale Fabrikker utover 3 år og for fleire enn 100 personar krev kommunestyret at det vert utarbeidd reguleringsplan for delar av bygningsmassen fordi:

- Dette kan bidra til at asylmottaket vert ein godt integrert aktør i lokalsamfunnet og kommunen.
- Det kan gjera asylmottaket til ei meir handterbar utfordring for lokalsamfunnet og det kommunale tenesteapparatet.
- Det opnar opp for at tiltakshavar og eigar kan ha eit lengre perspektiv på sitt engasjement i lokalsamfunnet utan at dette kommunestyret bind framtidige kommunestyre sitt handlingsrom.
- At ein nyttar dei erfaringane ein gjer i dispensasjonstida til å vidareutvikla samhandlinga mellom asylmottaket, lokalsamfunnet og kommunen.
- Kommunen er i startfasen av arbeidet med rullering av kommuneplanen. Det er i fellesskapets interesse med færrast moglege bindingar.
- Arbeidet med ny veg og bane mellom Arna og Voss gjer at storsamfunnets interessar best kan ivaretakast ved planmessig bruk av areal.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Eirik Haga.

Framegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 05/2016 Vedtak:

Vedtak 1

DISPENSASJON:

I medhald av § 19-2, jf. § 19-3, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret å gje mellombels dispensasjon i inntil **3** år, frå arealføremålet næringsverksemd / industri, i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av ordinært asylmottak **for inntil 100 personar,, i deler av bygningsmassen oppført på eigedom gnr. 22, bnr. 253. For eventuell drift utover 3 år vert det krevd reguleringsplan. Reguleringsplan kan opna for eit høgare tal asylsøkjjarar.**

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, sett følgjande vilkår:

1. Operatøren av asylmottaket skal halda folkemøte ved oppstart av asylmottaket.
2. Det skal ikkje etablerast næringsverksemd eller anna verksemd på eigedom gnr. 22, bnr. 253 som vil medføre negative verknader for drifta av asylmottaket. Dette med omsyn til støy, og andre tilhøve kring helse, miljø, og tryggleik, som vil påverka asylmottaket sine brukarar.
3. Då det ligg føre mistanke om nedgravd miljøfarlig avfall på eigedom gnr. 22 bnr. 253 som kan være ein risiko for helseeffekter skal tiltakshvar innan oppstart utføre grunnundersøkingar i tråd med retningsliner i rettleiar TA 2553/2009 for å kartleggje forureiningssituasjonen på eigedomen. Området skal stette krava til arealbruk bustadområde.
4. Det vert sett krav om inntil 30 parkeringsplassar øyremerka asylmottaket.



Vedtak 2

RAMMELØYVE BRUKSENDRING OG TILTAK:

I medhald av § 20-1, bokstav d, i plan- og bygningslova vedtek kommunestyret at det vert gjeve mellombels rammeløyve for inntil **3 år for inntil 100 personar til bruksendring og tiltak for omsøkte bygningsmasse på eigedom gnr. 22, bnr. 253, frå næringsverksemd / industri, til privat tenestyting, etablering av asylmottak. For eventuell drift utover 3 år vert det krevd reguleringsplan. Reguleringsplanen kan opna opp for eit høgare tal asylsøkjjarar.**

Det vert sett følgjande vilkår:

1. All prosjektering og utføring skal vere i medhald av plan- og bygningslova med underliggjande regelverk, (TEK10).
2. I samband med det som er nemnd i pkt. 1, ovanfor, vert det presisert at det også må føretakast ei kartlegging av farleg avfall, og ein miljøsaneringsskildring, jf. TEK 10 § 9-7, pkt. 1, 2, og 3.
3. Dersom det i prosjektering og utføring vert nytta løysingar som ikkje er preaksepterte, skal slike eventuelle løysingar dokumenterast, ved søknad om i gangsetjing.
4. Det vil bli sett fram krav om uavhengig kontroll av brannteknisk prosjektering utover den obligatoriske kontroll, jf. byggjesaksforskriften SAK 10, § 14-2. Dette gjeld før det vert gjeve i gangsetjingsløyve.
5. Det vert sett fram krav om uavhengig kontroll utover den obligatoriske kontroll, av funksjon / ansvarsområde, kontroll utføring – branntryggleik, jf. SAK § 14-3. Kontroll med utføringa skal vere gjennomført før det vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest for heile eller for deler av tiltaket.
6. Dokumentasjon på godkjenning av privat vassforsyning frå Mattilsynet, jamfør drikkevassforskrifta § 8 - 9.
7. Samtykke frå arbeidstilsynet skal liggje føre ved søknad om i gangsetjing, (IG).
8. Det vert også vist til helsetilhøva i asylmottak som er regulert av folkehelseloven og forskrift av 25. april 2003, nr. 486.
9. Det planlagde asylmottaket ligg innanfor aksemdområde for snøskred, jf. NVEAtlas. Tiltakshavar må syta for ei vurdering av om skredfaren er reel. Eit byggverk for varig opphald for 211 personar krev at sannsynet for skred ikkje må overstige 1:5000, jf. tryggleiksklasse S3, i byggeteknisk forskrift, (TEK10), § 7-3.

GRUNNGJEVING:

Flyktningesituasjonen i verda har medført at det eit stort behov for fleire plassar i asylmottak. Vaksdal kommunestyre er innstillt på å ta sin del av ansvaret.

I ein normal situasjon ville tiltaket som er omsøkt i Dale Fabrikk utløysa krav om reguleringsplan. Ein slik planprosess vil kunne ta om lag eit år. For at tiltakshavar skal koma i gang med etableringa snarast råd, og kunna avhjelpa situasjonen for asylsøkjjarar i Noreg, er kommunestyret innstillt på å gje dispensasjon frå føremålet i arealplanen og mellombels bruksendring i 3 år for inntil 100 asylsøkjjarar. Skal det drivast asylmottak i Dale Fabrikk utover 3 år og for fleire enn 100 personar krev kommunestyret at det vert utarbeidd reguleringsplan for delar av bygningsmassen fordi:

- Dette kan bidra til at asylmottaket vert ein godt integrert aktør i lokalsamfunnet og kommunen.



- Det kan gjera asylmottaket til ei meir handterbar utfordring for lokalsamfunnet og det kommunale tenesteapparatet.
 - Det opnar opp for at tiltakshavar og eigar kan ha eit lengre perspektiv på sitt engasjement i lokalsamfunnet utan at dette kommunestyret bind framtidige kommunestyre sitt handlingsrom.
 - At ein nyttar dei erfaringane ein gjer i dispensasjonstida til å vidareutvikla samhandlinga mellom asylmottaket, lokalsamfunnet og kommunen.
 - Kommunen er i startfasen av arbeidet med rullering av kommuneplanen. Det er i fellesskapets interesse med færrast moglege bindingar.
 - Arbeidet med ny veg og bane mellom Arna og Voss gjer at storsamfunnets interessar best kan ivaretakast ved planmessig bruk av areal.
-